



## Spørjeskjema for 2009

Det er tid for årsoppgjer , og det årlege spørjeskjema må fyllast ut. Spørjeskjema og annan informasjon finn du på heimesida vår.

[www.suldalokonomi.no](http://www.suldalokonomi.no)

På heimesida kan du registrera deg som brukar, og vil få meir informasjon som er tilpassa deg.

Det er ei målsetning for oss at meir av informasjonen til og frå kundene våre skal skje i elektronisk form.. Du kan få alle utskrifter frå årsoppgjeret tilsendt på e-post i staden for i papirform. Dei kan då lagrast elektronisk, og du kan skriva ut ein kopi når du måtte ønska det.

### Hugs:

- For alle som har dyr, er det viktig å bruka litt tid på å få dette rett. Legg gjerne med kopi av søknad om produksjonstillegg.  
Dersom du er interessert i at me kan henta informasjon direkte frå dyreregisteret kan du oppgi ditt brukarnamn og passord i husdyrkontrollen eller husdyrregisteret.
- Dei fleste vil få nøkkeltal i lag med årsoppgjeret for 2009. For at desse skal gi eit rett bilete, bør ein registrera varelager (silofor, kraftfor, gjødsel m.m.) nøyaktig. I tillegg er det viktig å skriva på kva dyreslag det gjeld på dyrlegerekningar og liknande. Dette er òg viktig dersom du er med i Effektivitetskontrollen til Tine.
- Kjøp/salg av askjer  
Det er viktig at me får inn alle bilag som gjeld aksjekjøp/salg i tillegg til årsoppgåver/skatterapportar.
- Kontantsalg  
Alt kontantsalg skal først i kassadagbok eller ved bruk av kasseapparat. Dette skal først over på kontantsalgskjema som me sender med.

### Nytt for 2009:

- Etter seminar med Finanstilsynet (tidl.Kredittilsynet) i haust har me gått gjennom våre rutinar for å sjekka at dei tilfredstiller dei krava som tilsynsmyndighetene har fastsett. Konklusjonen av dette er i hovudsak 2 tilhøve:
  1. Oppdragsavtalane med våre kunder må fornyast og rutinane må dokumenterast betre. Det er investert i programvare som skal vera vårt verktøy for å kvalitetsikra dette.Du vil etter kvart få tilsendt oppdragsavtale som tilfredstiller krava som er sett.
  2. Me kan ikkje lenger utføra forenkla årsoppgjer med innlegging av saldo for kunder som fører manuelt gjennom året. Alle bilag må først ordinært av oss, eller at kunden fører gjennom året i godkjend rekneskapsystem. I tillegg er me pålagt å kontrollera det som kunden har ført sjølv. Dei dette gjeld må derfor ta kontakt, slik at me får avklart korleis me gjennomfører dette for 2009.

Sjå etter på [www.suldalokonomi.no](http://www.suldalokonomi.no) Der blir det informert om aktuelle endringar etter kvart som dei blir vedtekne.

Sveinung Skjerahaug er tilsett som autorisert rekneskapsfører. Han er no dagleg leiar ved Time Rekneskapslag, og vil starta i stillinga til hausten. Madli Ohaka frå Estland skal arbeida hjå oss fram til Sveinung tek til. Ho har master i økonomi frå universitetet i Tallin og er ein ihuga norgespatriot.

Med helsing

Ola Jelsa